



## Innkalling

---

**Utval:** FORMANNSKAP  
**Møtestad:** Møterommet  
**Dato:** 01.11.2018  
**Tid:** Kl. 10:00

---

*Solund formannskap er med dette kalla inn til møte.*

Representantar med lovleg forfall eller som er ugilde i nokon av sakene, må snarast råd melde frå til Solund Servicekontor, telefon 57 78 62 00 eller e-post [post@solund.kommune.no](mailto:post@solund.kommune.no) slik at vararepresentantar kan kallast inn.

Vararepresentantar til formannskapet møter etter nærare innkalling.

Saksdokumenta ligg til ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset.

### Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	
056/18	Auka kommunal garanti på lån for Leknessund Vassverk	
057/18	Drøftingssak nr 2 Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019 - 2022	

**Solund kommune**  
25.10.2018

Gunn Åmdal Mongstad  
-ordfører-

---

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>	
056/18	Auka kommunal garanti på lån for Leknessund Vassverk	
057/18	Drøftingssak nr 2 Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019 - 2022	



## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
056/18	FORMANNSKAP	01.11.2018
	KOMMUNESTYRE	

### Auka kommunal garanti på lån for Leknessund Vassverk

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune garanterer for auka låneramme på inntil 300.000 kr som Leknessund Vassverk tek opp i Sparebanken Sogn og Fjordane for boring og investering i nytt utstyr.

Garantiansvaret kjem i tillegg til hovdstol som pr. 25.10.2018 er på 42.865 kr.

Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og vil opphøyre etter maksimalt 15 år frå låneopptak.

#### Vedlegg i saka:

08.10.2018 Søknad om kommunegaranti på lån

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Kommunelova § 51

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar

#### Kva saka gjeld:

Auka kommunal garanti på lån for Leknessund Vassverk

#### Saksutgreiing:

Solund kommune har i brev datert 03.10.2018 fått søknad frå Leknessund Vassverk om å stå som garant for eit lån på 300.000 kr. Lånet skal brukast i samband med at vassverket skal bore to nye hol og investere i tilhøyrande pumper og utstyr. Den nye løysinga skal dekke eit behov som har vore aukande dei siste åra. Leknessund Vassverk har fått totaltilbod på 251.000 kr. Dersom prøvetaking visar at vatnet må behandlast vil det tilkome kostnad for dette.

Oppstart av arbeid er planlagt til midten av november, men er avhengig av kommunal garanti og godkjend lånesøknad hjå Sparebanken i Sogn og Fjordane.

### Tidlegare vedtak

Leknessund Vassverk har fått kommunal garanti tidlegare. Solund kommunestyre handsama i møte 28.09.04 søknad om kommunal garanti (k-sak 061/04) og gjorde slikt vedtak:

1. *Solund kommune garanterer for lån på 185.000 som Leknessund Vassverk tar opp i Sparebanken Sogn og Fjordane for utbygging/ kvalitetsforbetring av vassverket*
2. *Garantiansvaret gjeld for hovudstol 185.000 med tillegg av 10% som vil dekke dei til ein kvar tid påløpne renter og omkostningar som måtte kome av den til ei kvar tid gjaldande hovudstolen.*
3. *Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og vil opphøyre etter maksimalt 12 år frå låneopptak.*

I møte 29.04.2008 gjorde Solund kommunestyre følgjande vedtak i k-sak 030/08:

1. *Solund kommune garanterer for auka låneramme på kr. 70 000 som Leknessund Vassverk tar opp i Sparebanken Sogn og Fjordane for utbygging/ kvalitetsforbetring av vassverket*
2. *Garantiansvaret kjem i tillegg til hovudstol som pr. 31.12.07 var på kr. 157 999.*
3. *Garantiansvaret vert redusert i takt med nedbetalinga på lånet og vil opphøyre etter maksimalt 12 år frå låneopptak.*

### Lov, forskrift og reglement

Etter kommunelova § 51 kan ikkje kommunane gje garanti til næringsverksemd som vert drive av andre enn kommunen sjølv. Leknessund Vassverk er eit andelslag med 30 abonnentar med føremålet å skaffe vatn til andelseigarane. Abonentane betalar ein årleg avgift, men laget har ikkje som mål å gå med overskot. Laget er såleis ikkje å sjå på som næringsverksemd.

Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar § 3 seier bl.a. at «*vedtak om garantistillelse og garantiavtale/-erklæring skal alltid angi garantiens varighet*».

Sakshandsamar har vorte informert av Leknessund Vassverk sin formann at nedbetalingstida på dette nye lånet er forventa å vere 10-15 år.

Kommunestyret har fullmakt til å gje garantiar inntil kr. 500 000 utan at det må godkjennast av fylkesmannen, jf. § 5 forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar. I Solund kommune sitt økonomireglement, vedteke i k-sak 065/12, står likevel i punkt 6 at «garanti for lån opptatt av privatpersonar eller private føretak skal ikkje gis».

### Økonomi

Leknessund Vassverk har eit eigenkapital på om lag 100.000 kr og har nedbetalt det noverande lånet til 42.865 kr. Lånet vil vere heilt nedbetalt i juni 2020.

Leknessund Vassverk skriv i søknaden at nye investeringar kan vere aktuelle då ein del vassledningar har for liten dimensjon. Dette er ikkje kostnadsrekna enno og om banken stiller krav om kommunal garanti vil vassverket kome att til kommunen om dette seinare.

### **Vurdering:**

Det er positivt at Leknessund Vassverk jobbar med å auka kapasiteten på vassforsyninga og at dei investerer i utstyr som sikrar drifta i framtida. Leknessund Vassverk har betalt ned tidlegare lån etter plan og har i tillegg ein del midlar på bok. Administrasjonen vurder difor det som liten risiko å stå som garant for ei auka låneramme.

Formannskapet/Kommunestyret må likevel vurdere om garantisøknaden kan godkjennast med bakgrunn av at det i Solund kommune sitt økonomireglement står at det ikkje skal gis garantiar til privatpersonar eller private føretak.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**  
Leknessund Vassverk

Leknessund Vassverk  
6929 Hersvikbygda

Leknessund 03.10.2018

Solund kommune  
6924 Hardbakke

### **SØKNAD OM KOMMUNEGARANTI PÅ LÅN I SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE**

Leknessund Vassverk har i lenger tid arbeidet med alternativ vasskjelde, men komme til den konklusjon at overflatevatten vert for dyrt å behandle. Det skal derfor borast to nye håll med tilhøyrande pumper og utstyr for å dekke eit behov som har vore aukande dei siste åra.

Det føreligg totaltilbud på kr. 251.000,- då er det ikkje teke med eventuelle behandling som måtte komme ved prøvetaking av vatnet. Ut frå overståande vil vi søke Sparebanken Sogn og Fjordane om lån på Kr. 300.000,-. Ein tillet seg derfor å søke om kommunalt garanti på kr. 300.000,-. Tidlegare garanti er nedbetalt til Kr. 35.000,-.

Samtidig vil eigenkapitalen være ved årsskifte på ca. kr. 100 000,-.

Ein vil og opplyse om at nye investeringer kan være aktuelle, då ein del vassledningar har for liten dimensjon. Dette er ikkje kostnadsrekna enno, so i og med banken stiller krav om kommunalt garanti vil ein komme attende til det seinare.

Ein ser fram til eit positivt og raskt svar.

Med helsing

Leknessund Vassverk

Steinar Nybø

formann



Arkiv: K1 - 145  
ArkivsakID: 18/328  
JournalpostID: 18/3166  
Sakshandsamar: Kjell Mongstad  
Dato: 25.10.2018

## Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
057/18	FORMANNSKAP	01.11.2018

### Drøftingssak nr 2 Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019 - 2022

#### Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak:

Innspel frå Formannskapet vert tatt med i det vidare arbeidet med saka.

#### Vedlegg i saka:

25.10.2018      Tabelloppsett til budsjett- og økonomiplan 2019-2022 til utsending F-skap  
25102018

#### Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

#### Kva saka gjeld:

Dette er ei vidareføring av drøftingssak nr. 1 til Budsjett 2019 med økonomiplan 2020-2022. I første drøftingssak vart eit tabelloppsett presentert i ubalanse og med alle dei ynskjer og innspel som var komne administrasjonen i hende på det tidspunktet saka vart drøfta.

Drøftingssak nr. 2 er ei sak der tabelloppsettet vert presentert i balanse og der signala frå politisk nivå m.fl. er tatt omsyn til.

Det er no meininga at politisk nivå skal drøfte utkastet og melde inn signal om ynskjelege endringar, slik at Formannskapet kan legge fram for kommunestyret sitt endelege budsjettframlegg, etter gjennomført møte den 15. oktober.

#### Saksutgreiing:

Under følgjer forklaringar til dei grep som er gjort for å få eit utkast til budsjett- og økonomiplan i balanse.

Innspel som er komne, eller delar av desse, er implementert i budsjettet.

Fokus er satt på endringar / innspel sidan sist møte i formannskap.

Fullstendig saksutgreiing vil koma til formannskapsmøtet den 15. november.

#### Vurdering:

## Om inntekter frå Havbruksfondet og bruken av desse:

### Kva er dei overordna signal og føringar?

Det er ikkje kome ei endeleg avklaring på kva som vert framtidige inntekter frå Havbruksfondet.

Fleirtalet på Stortinget har vedteke at det skal innførast ei produksjons- og/eller arealavgift for Havbruksnæringa. Det har vore antyda at dette kan gje løpande inntekter for Solund kommune i storleiksorden på +/- 3,0 mill. pr. år.

Dette er ein sum som det er knytt stor uvisse til.

Og det er uvisse på kor tid regjeringa vil legge fram eit konkret framlegg til innføring av ei slik avgift.

Signalet frå dagens regjering er derimot at dei vil legge ut auksjonar kvart 2. år, etter mal frå auksjonsrunden i år 2018.

Skjer dette, vil det i så fall bety store inntekter til Solund kommune 2. kvart år.

Innføring av grunnrenteskatt er berre på drøftingsstadiet og vert ikkje vurdert i denne samanheng.

Sjølv om det er mykje usikkerheit rundt innordninga, hyppigheit og storleik på inntektene frå Havbruksfondet sentralt, så er det ganske sikkert at intensjonen med fondet og Stortingfleirtalet vil skje fyldest. Og det er påpeikt at desse midlane skal koma innbyggjarane sitt tenestetilbod til gode.

Dei frie inntektene til kommunesektoren redusert, og ei av grunngevingane til dette er at kommunesektoren får tilført store inntekter gjennom Havbruksfondet.

I tillegg har Solund fått eit direkte nedtrekk av sine skjønsmidlar som følgje av desse inntektene frå fondet. Nedtrekket er i tillegg gjort etter «kroner pr. hovud»-metoden, og kommunen vert difor særskilt hardt råma på skjønsmiddeltildelinga, i høve alle andre kommunar i regionen.

### Kva er gjort i budsjettutkastet:

I utkastet som føreligg vert det for enkeltheits skuld lagt inn ei gjennomsnittleg forventa inntekt frå Havbruksfondet på 3,0 mill. pr. år

Desse vert i sin heilskap tilrådd avsett til kommunen sitt generelle disposisjonsfond kvart år.

Derneft er det lagt inn ein tilsvarande bruk av dette fondet på 3,0 mill. pr. år.

I år 2019 er det i tillegg lagt inn ein ekstra bruk av fondet, som tilsvarar reduksjonen i skjønsmidlar.

På det jamne betyr dette at, om det i snitt kjem inn 3,0 mill. i inntekter pr. år, så vert ikkje fondet tappa ned i planperioden som følgje av dette samla utkast til driftsbudsjett.

### I praksis kan dette bety:

Om ikkje ei produksjons- og / eller arealavgift vert innført, vil det for planperioden år 2019 og 2021 truleg bety, ein reduksjon i høve inntektene og dermed den tilhøyrande avsetnaden.

Om resultatet av auksjonane gjev i det minste 1/4 del av årets auksjonar, vil fondet verta auka i år 2020 og 2022, med det doble av reduksjonen i 2019 og 2021. Med den satsinga som vert gjort innan Havbruksnæringa, er det vel liten grunn til å tru at nivået på auksjonane fell så mykje desse åra.

Det vil, slik administrasjonssjefen ser det, vera uklokt å ta driftsnivået ned til eit absolutt «uavhengigheitsnivå» av havbruksfondsinnkomstene.

Med dette utkastet ligg det i snitt inne ein god buffer med ubudsjetterte inntekter, og dermed



ekstra påfyll av fondet, som t.d. kan nyttast mot framtidige investeringar.

Utan bruk av desse inntektene, må tenestetilbodet i kommunen reduserast vesentleg. Frå administrasjonssjefen si side, vert dette først tilrådd gjort, om det eventuelt kjem motsette signal frå Storting og Regjering, enn dei som faktisk føreligg i dag.

### **Innføring av handlingsregel ?**

Administrasjonssjefen vil tilrå at det vert innført ein handlingsregel for bruken av fondet i drift. Inntil produksjons- og / eller arealavgift eventuelt vert innført. T.d. kan grensa for bruken av fondet verta lagt på maksimum 3,0-4,0 mill. pr. år.

### **Eigedomsskatt:**

Eigedomsskatten er i dag på 2,0 promille. Som tidlegare skildra, så vart det for år 2018 ein ekstra auke i skattegrunnlaget for år 2016 (påverkar eigedomsskatten for år 2018) på bustader i kommunen som vart skattlagt etter formuesgrunnlagsmetoden; - ergo så gjeld dette heilårsbustadane.

Skatteetaten og SSB har meddelt at dei ville redusere skattegrunnlaget igjen for år 2017 (påverkar eigedomsskatten for år 2019).

Solund kommune har lagt opp til at eigedomsskattesatsen skal aukast med 1,0 promille i år 2020. Administrasjonssjefen tilrår at dette vert gjort frå og med år 2019.

I høve dagens skattenivå, vil dette få små konsekvensar for dei som allereie vert skattelagt etter formuesgrunnlagsmetoden, sidan dei allereie i år 2018 fekk den veksten som er førespeilt å kome i år 2020. Det som skjer for denne eigdomsgruppa, vert at skatten ikkje vert nedjustert til 2017-nivå i år 2019, for så å auka til dagens nivå i år 2020.

Derimot vil det gje ein effekt for alle som har fritidseigedomar i kommunen. Takstgrunnlaget for denne eigdomsgruppa, vart fastsett i år 2014 og står fast i 10 år. Den einaste måten å justere skattenivået på desse eigedomane, er som kjent å justere skattesatsen.

Å justere ein skattesats er kommunen sin måte å regulere sine frie inntekter på. Ei justering må skje i samband med at budsjettet vert lagt. Dette kan ikkje gjerast i driftsåret.

Det vert tilrådd at eigedomsskatten vert justert med 1,0 promille; - tilsvarande 0,8 mill. meirinntekter i år 2019. Meirinntektene vert tilrådd avsett til eit «Gründerfond og / eller Kulturmidlar», utan noko framlegg til bruk av fondet i denne omgang.

### **Nytt gründer- og kulturmiddelfond**

Det vert etter forslag frå Næringsssamskipnaden foreslått å opprette eit gründerfond i kommunen. Det må utarbeidast retningslinjer for tildelingar frå dette fondet, og dei bør vera noko friare innretta enn det ordinære Næringsfondet og for utdeling av Næringslånemidlar som er avsett i investeringsrekneskapen.

Likeins signaliserte formannskapet eit ynskje om å kulturmidlar som ein budsjettpost. Det må også her utarbeidast retningslinjer.

Inntil vidare tilrår administrasjonssjefen å sette av 0,8 mill. under fellesnemninga «Gründer- og kulturmiddelfond». Inndekning er linka direkte mot auka eigedomsskatt i år 2019. Inntekter frå havbruksfondet kan også nyttast som finansiering om politisk nivå ynksjer det.

Etter kvart som dette fondet vert tappa, kan ein bruka overskytande inntekter frå det statlege Havbruksfondet til å fylle opp gründer-/kulturmiddel-fondet med.

## **Forsering av Kommuneplanarbeid**

Det står att 0,2 mill. i midlar til arbeid med kommeplan frå år 2018.

Det vert tilrådd å forsere arbeidet med Kommuneplanen; - for både samfunns- og arealdelen av planen. Det vert tilrådd å kjøpe tenester frå andre til dette føremålet, framfor å bruke egne ressursar.

Erfaringsdata frå andre kommunar som er inne i same prosess, er at dette vil min. koste 0,8 mill.

Det må difor nyttast 0,6 mill. ekstra frå kommunen sitt disposisjonsfond til dette føremålet

## **Integreringstilskot - Flyktningfond**

I budsjettutkastet er det lagt til grunn at det ikkje vert busett fleire flyktingar i Solund kommune.

Alle tidlegare tilførte løyvingar på dei ulike ansvarsniåva, og all bruk av fond er nulla ut i dette budsjettutkastet.

Det er sendt ei oppmoding til IMDI om å få busette fleire flyktingar, basert på det faktum at suksessen i integreringsarbeidet er høg i Solund og at nivået på mottak av kvoteflyktingar er auka i framlegg til Statsbudsjett.

Det er von om at det kan skje ei positiv endring på dette område i løpet av vinteren.

## **Fordeling til drift**

Som eit utgangspunkt så har alle rammeområda fått tilført full kompensasjon for den pårekna løns- og prisveksten i samfunnet for neste år. Deretter har ein forsøkt å prioritere dei satsingsområda som regjeringa har lagt fram i framlegg til statsbudsjett. Mestdelen av dette vart implementert under økonomiplanhandsaminga i juni.

Når dette er gjort, vantar det om lag 1,5 mill., samanlikna med kva kommunen får tildelte i frie inntektene for neste driftsår. Inntektene frå Havbruksfondet løyser denne utfordringa og dei ekstra behova som er kome til i prosessen, som t.d. Kommuneplanarbeidet, straumkabelen til Utvær, dei mange små løyvingane i drifta og auka finanskostnader knytt til dei investeringsprosjekta som trengs for å gjere positive løft i kommunen og organisasjonen.

## **Ansvar 100 - Administrasjon**

Det vert lagt inn ei forventa innsparing på 0,2 mill. i interkommunale driftskostnader frå og med år 2020, som følgje av organisasjonen si satsing på å bygge opp eigen IKT-kompetanse, samt ein forventa positiv effekt av alt digitaliseringsarbeidet som ein ynskjer å ta i ferde med.

Løyvinga til den skulefagleg ansvarleg ressursen vert overført til ansvar 220, slik at leiinga ved skulen / skulefagleg overordna om mogleg kan skape ein vinn-vinn-situasjon i drifta.

## **Ansvar 130 – Eigedom, samferdsle, m.m.**

Husleigeinntektene er skrudd ned til eit realistisk nivå, m.a. grunna endring frå 8 til 7 omsorgsbustader. Det vert no definert 2 kortidsinstitusjonsplassar, noko som gjev grunnlag for meir inntekter ved ansvar 370. Dette medfører også eit større investeringstilskot knytt til prosjektet.

## **Ansvar 150 - Flyktingkoordinator**

Midlane som har vore halde tilbake som ei slags tilleggsløyving frå medio år 2021, er no tatt ut av budsjettutkastet.

## Ansvar 200 – Solund Barnehage

Det vart i si tid tilført 1/1 stilling til barnehagen for å møte situasjonen med at kommunen skulle busetje flyktningar. Denne stillinga har seinare vorte oppretthalde med same grunngeving og seinast dette barnehageåret, med grunngeving i at det er eit stort behov for ein 2-språkleg assistent.

Tabellen under syner ei positiv utvikling i barnetalet for den yngste aldersgruppa i kommunen. Dette betyr for barnehagen at det vert krav for auka ressurs, sidan dei yngste vert rekna å krevje doble ressursar sett i høve dei eldre barnehageborna i barnehagen.

I tillegg er det innført ei pedagognorm i barnehagen, som det ikkje følgjer midlar med over statsbudsjettet. For kvar 7 barn i den yngste aldersgruppa er det krav om 1 pedagog, mot 1 pedagog i høve 14 barn i den eldste gruppa.

Det ligg no an til at det kjem 3 nye 1-åringar i barnehagen frå vinter/vår 2019.

<b>Kriteriedata</b>	<b>IS 2016 med folketall per 1.7.2015</b>	<b>IS 2017 med folketall per 1.7.2016</b>	<b>IS 2018 med folketall per 1.7.2017</b>	<b>IS 2019 med folketall per 1.7.2018</b>
<b>Innbyggere ialt</b>	<b>785</b>	<b>787</b>	<b>807</b>	<b>807</b>
<b>Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år</b>	8	9	11	13
<b>Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år</b>	21	24	24	22
<b>Innbyggere 6-15 år</b>	90	92	90	94
<b>Innbyggere 16-22 år</b>	62	57	61	61
<b>Innbyggere 23-66 år</b>	425	433	441	435
<b>Innbyggere 0-17 år</b>				
<b>Innbyggere 18-49 år</b>				
<b>Innbyggere 50-66 år</b>				
<b>Innbyggere 67-79 år</b>	126	120	122	127
<b>Innbyggere 80-89 år</b>	46	44	47	46
<b>Innbyggere 90 år og over</b>	7	8	11	9

Med bakgrunn i denne tabellen og dei faktiske realitetane ved barnehagen, tilrår administrasjonssjefen at ansvar 200 får behalde den ekstra ressursen på permanent basis. Ressurskabalane må så leggast opp slik at pedagognorma vert etterlevd.

Det vert trekt ut ein sum og overført til ansvar 220, slik at Miljøterapeuten vert fullfinansiert. Det var ein intensjon at stillinga skulle bidra positivt inn mot ressursbruken i både barnehage og skule.

## Ansvar 210 – Solund skule

Det er også ei positiv utvikling i barnetalet på skulen. Men der vert lagt opp til at utfordringar må løysast innfor tildelt ramme på skulen.

Det vert trekt ut ein sum og overført til ansvar 220, slik at Miljøterapeuten vert fullfinansiert. Det var ein intensjon at stillinga skulle bidra positivt inn mot ressursbruken i både barnehage og skule.

Det er lagt inn ein ytterlegare forventning om innsparingar i drifta ved skulen i samband med realisering av ny skule (år 2022); - ein heilårsverknad på tilsaman 0,2 mill. er då lagt inn.

## Ansvar 220 – Solund skule

Det er lagt inn ein sum som er overført frå ansvar 200 og 210, slik at Miljøterapeuten vert fullfinansiert.

Det vert lagt opp til at auken i den skulefagleg overordna ressursen i kommunen, vert tilført dette ansvarsområde. Midlane vert henta frå ansvar 100. Dette gjev grunnlag for at skulen kan styrka administrasjonen, og vonleg kan det verta ein vinn-vinn-situasjon i høve

skuleleiinga og skulefagleg overordna ressursen.

Det vert lagt inn ein ressurs på 0,1 mill. knytt til digitaliseringsarbeid med skule / barnehage. Midlane vert trekt ut att i år 2022.

Det er viktig å vera klår over at ressursen ved sentraladministrasjonen, vil få digitaliseringsoppgåver som gjev positiv effekt på oppvekstsektoren.

## **Ansvar 300 – NAV Solund**

Så langt har sosiale stønader og lån ikkje eskalert for Solund kommune. Det kan tyde på at prosjektstillinga er nyttig for kommunen. Denne stillinga vert fasa ut frå sommaren 2020. Det vert ikkje tilrådd å endre noko på løyvingane ved dette ansvarsområde i denne omgang.

## **Ansvar 310 – Helseteneste**

Det er meininga å også i komande år å søkje på- og nytte midlar knytt til habilitering / rehabilitering. inntektene ved fysisoterapien er høgare enn antatt. Dette bidreg til betra budsjettbalanse og kan kompensere for dei usikre transportkostnadane frå Helse Førde på lækjartenesta. Faktura for år 2017 på desse transportkostnadane er enno ikkje motteke.

Det er utlyst øyremerkte statlege midlar mot det å rekruttere lækjarar. Solund kommune vil søkje på desse midlane. Arbeidet pågår og må likevel gjerast i året som kjem.

## **Ansvar 312 – Helsestasjon / skulehelseteneste**

Dette er eit statleg satsingsområde. Tilleggsløyvinga på 0,1 mill. er tilrådd nedjustert i år 2019. Det vert i staden arbeidd med å finna ei løysing på å auka opp stillinga til 100% frå hausten 2019. dette vil administrasjonssjefen koma attende til.

Som ei førebuing på dette, er reduksjonar i løyvingar i år 2021 difor nulla ut.

## **Ansvar 313 – Psykiatri**

Det er innvilga permisjon i 30% stilling ved denne tenesta.

Det er ein intensjon at den nye psykologen skal ha eit overordna ansvar for denne tenesta. Difor har tenesta framleis ei netto løyving på 0,3 mill.

Støttekontakttenesta vert utført som tidlegare.

## **Ansvar 314 – Rusomsorg**

Ved dette ansvarsområde får ein i dag 0,55 mill. i øyremerkte tilskot. Tilskotet er auka, sidan ein i Solund no løyser oppgåvene etter intensjonen; - dvs. som eit kontinuerleg arbeid via heimesjukepleietenesta. 0,25 mill. av desse øyremerkte midlane vert nytta til kjøp av tenester frå nettopp denne tenesta.

Resterande øyremerkte midlar (0,3 mill.) vert dedikert det arbeidet som den nye psykologen skal utføre.

I tillegg ligg det att ei løyving på 0,1 mill. til påkomne ekstrautgifter.

Også ved dette ansvarsområde er det ein intensjon at den nye psykologen skal ha eit overordna ansvar for denne tenesta.

## **Ansvar 315 – Psykologtenesta**

Ved rullering av økonomiplanen i vår, vart det tilført 0,2 mill. for å oppfylle pålegget om at det skal vera ein psykolog i alle kommunar innan 1/1 2020. I Kommunestyret i oktober vedtok at psykologtenesta skal opprettast i år 2019.

Det vart etter økonomiplanvedtaket i juni, iverksett ein intern prosess med å forankre denne

stillinga i organisasjonen. Det vart også søkt om øyremerkt tilskot og kommunen fekk tildelt 0,41 mill. til Solund kommune. Summen er overførbar til neste driftsår.

Det er lagt opp til at denne psykologen i første omgang skal ha kontor i same korridor som lækjar og helsesøster. Kommunestyret har gjeve signal om at denne psykologen skal ha eit ekstra fokus på barn og unge. Difor kan det vera aktuelt å planlegge ny kontorfasilitet i samband med realisering av ny skule.

Utlysing vert no utarbeidd og administrasjonen har ei von om å vinne i konkurransen, med dei 135 andre kommunane som skal ha psykolog på plass innan 31/12 2019. Solund vil ha den best eignelege psykologen til kommunen.

Stillinga er fullfinansiert gjennom bruk av øyremerkt tilskot til psykolog og andel av tilskot til rusomsorga. Brukarbetalingar kan også påreknast, men desse har ikkje vore tatt med i reknestykket tidlegare. Nettkostnaden for kommunen for denne tenestaer, er etter dette nedjustert frå 0,2 mill. til 0,125 mill.

## **Ansvar 370 – Pleie- og omsorg**

Drifta ved dette ansvarsområde går no som normalt, etter nokre rimeleg krevjande arbeidsår. Alle dei funksjonar som skal vera på plass i denne sektoren er no kome i gjenge.

Så langt har det vore vellukka ved bruk av rekrutteringsbyrå. 1 ny sjukepleiar er i ferd med å få si tilsetjing og 1 sjukepleiar er bytt ut, utan meirkostnader for kommunen. Det er såleis ei prøvetid på 8 veker før ein kan seie om ein har lukkast 100%. I tillegg har ein fått ein dispensasjon som løyser siste del av sjukepleiarbehovet som var meldt inn ved 2. tertial. Om alt går som normalt no, har ein sikra fagkompetent arbeidskraft i 18 månader. At dette har vorte nokre vellukka grep, syner om mogleg sjukefråværsstatistikken. Sjukefråværet har gått ned med om lag 10% frå tidlegare år.

Administrasjonen tilrår ei justering slik at tidlegare tilførte løyvinga i år 2018 på 1,5 mill. som skulle nedjusterast med 0,5 mill. kvart år i perioden 2020-2022, no vert nedjustert med 1,25 mill. i år 2019 og 0,25 mill. i år 2020. Årsaka til den opphavlege nedtrappingsplanen var, at ein såg føre seg å måtta nytte lengre tid på å få alle brikkene på plass.

Det er no lyst ut etter ny helse- og omsorgsleiar.

## **Ansvar 600 – Tekniske tenester**

Tidlegare interkommunale samarbeid mot Hordaland, gjer no justeringar i sine fordelingsnøklar. Det vert lagt opp til ei flat fordeling på 20% mellom kommunane. Dette fører til ein auke 433% i kostnadane for Solund kommune i t.d. 110-sentral samarbeidet. Det er så langt lagt inn ein auke på 0,15 mill. til føremålet.

Likeins vil den interkommunela brann- og redningsregionen no rigga seg slik at den nye branndimensjoneringsforskrifta kan verta etterlevd, og då med ein fordelingsnøkkel etter same lest. I den forskrifta er det gjort pålegg om at alle kommunar m.a. skal ha ein 100% brannsjef tilsett.

Sidan dette er endringar som sprengjer einkvar småkommune sine driftsbudsjett, utan at det følgjer statlege midlar med, finn administrasjonssjefen det riktig å førebels legge inn ein auke på 0,15 mill. i dette interkommunale samarbeidet, mot eit innmeldt behov på 0,5 mill.

## **Ansvar 620 – Bygg og anlegg**

Anbudsforhandlingar er ferdig og kostnadane på vintervedlikehald aukar med 0,25 mill. i høve dagens avtalar.

Det er meldt inn behov for 0,2 mill. i sommarvedlikehald, men dette er så langt ikkje lagt inn i

budsjettutkastet i påvente av kva rulleringa av vedlikehaldsplanen gjev somresultat.

Innsparinga knytt til at gamle skulen skal rivast vs. drift av ny skule, vert flytta til år 2021, som er eit meir realistisk ferdigstillingstidspunkt for ny skule,

## Ansvar 800 – 803 Tilleggsøyvingar

### Kommunestyret sine tilleggsøyvingar:

Det er lagt inn ei mindre nedjustering i år 2022, slik at Kommunestyret på det jamne har 0,2 mill. disponibel kvart år som udisponert.

Etter signal frå politisk nivå er følgjande tilleggsøyvingar (markert med signalblått) lagt inn (sjå også investeringsprosjekt):

	R - 17	OB - 18	RB - 18	ØP - 19	ØP-20
Til fri disposisjon		275	275	275	200
Justering til disposisjon				0	
Fiberprosjekt Nord Solund			450		
Fiberprosjekt Hagefjorden / Kråkesundet				400	
Eigendelar fiber - resten av kommunen				50	100
Overførte løyvingar:					
Tilskot kai Litle Færøy			200		
Kommuneplan / VA Hovudplan			275		
Forsering arbeid med kommuneplan				600	
Kulturminneplan				100	
Reguleringsplan Hardbakke hamn			175		
Bonitering sjøbotn Valen			50		
Tilskot til Hersvik Vassverk		50			
Utvikling Nord Solund				50	50
Straumen skulehus				50	50
"Skaparkraft og kompetanse"					
Forskottering bru til Ytre Steinsund		-1 000	-1 150		
Straumkabel Utvær		500	500	225	
Tusenavrunding					

Det kan nemnast at «eigendelar fiber – resten av kommunen» er høvesvis liten. Her lyt ein tenkje seg at midlane markerer ein start; - planlegging, søkeprosess, prosjektering, forhandling.

Her må ein nok spe på med midlar frå disposisjonsfond etter kvart som prosjekta og finansieringsbehovet tek form.

Med løyvinga til kommuneplan, tek ein sikte på at planen vert ferdigstilt i år 2019.

Det er ei utfordring både for kommunen og private aktørar, at kommunen ikkje har ein oppdatert kulturminneplan. Utan ein plan vert det vanskeleg å få tak på statlege kulturminnefondsmidlar.

Løyvingane til Utvikling Nord Solund, Straumen skulehus og «Skaparkraft og kompetanse», er meint som igangsetjings- og planleggingsmidlar. Dette vert sett på dagsorden og kan føre til konkrete prosjekt i seinare budsjettprosessar (sjå også investering).

### Formannskapet sine tilleggsøyvingar:

Det kjem stadig fram prosjektmidlar som ein kan nå tak i, dersom ein kan stille med ein eigendel sjølv. Her vert det berre gjort ei mindre justering slik at F-skapet har 0,4 mill. på det jamne frå år 2021.

Visit Fjordkysten har nyleg halde eit reiselivsmøte, der reiselivsaktørar myldra og melde inn behov for satsingar i framtida. Der kommunen kjem inn, er på tilretteleggingssida. Behova som særskilt vart nemnd, var på knytt til hjelpemiddel og informasjon til dei reisande, som t.d. kart / app over vandrings- og kajakkturnmål, samt informasjon og skilting knytt til ulike lokale reisemål o.likn. Likeins er det trong for god infrastruktur knytt til parkerings-, kajakklandingsplassar, toalettfasisitetar, etc. Det vart også ytra ynskje om at berekraftig reiselivsutvikling måtte på agendaen. Det vert tilrådd å auke opp og omdefinere potten for «heilårsbasert reiseliv» til 0,1 mill. pr. år, og kalle løyvinga «Informasjon / kart / skilting, m.m.».

#### Administrasjonssjefen sine tilleggsløyvingar:

Det er trong for ei løyving på kr. 50` kvart år, knytt til den overordna administrasjonen sin beredskap.

Administrasjonssjefen tilrår å knytte på «Rekruttering» på den forslåtte løyvinga til «Seniortiltak» i år 2019 og 2020. Både politisk og administrativt nivå har same fokus her.

## Investeringar

Berre nye investeringar og endringar i høve 1. drøftingssak vert nemnt her, i denne omgang.

«**Digitalisering og velferdsteknologi**» vert sett på agendaen med ei løyving på 0,2 mill. kvart år. Ut gjennom hausten, og med den nye stillinga som m.a. skal ha fokus på IKT og digitalisering på lag, så vil det etter kvart forma seg konkrete løyvingar knytt til desse fokusområda.

Det er verd å merke seg at det også er lagt opp løyvingar til «datarom på Solundheimen», «Nytt pasientjournalssystem» og «Visma Flyt» også på barnehage.

Det er viktig at vi no lagar ein plan for å møta brukarane sine behov for bruk av teknologi i både administrasjon, oppvekst- og pleie- og omsorgssektoren.

«**Tettstadforming del 2**» vert tatt ut som prosjekt, og dermed kommunen sin avhengigheit av å selja for mange tomtar på ein gong. No er salet fordelt jamt med 3 tomtar i heile planperioden.

«**Utbetring tak kommunehus**» er flytta til år 2020. Taket er lekk på ein definert plass. Men administrasjonen vil sjå løyvinga i samanheng med løyvingane til rehabilitering 2 kommunehus og den nye løyvinga til ventilasjon som er budsjettert på år 2019. Likeins må ein også tilpasse desse tiltaka til vedlikehaldsplanen som skal rullerast i desember.

«**Ny skule inkl. bibliotek**» vert tilpassa til sist kjende framdriftsplan. Det vil seie med løyving til oppstart av prosjektet hausten 2019 og avslutning våren 2021.

Førebelse kostnadsestimat gjev positive signal om at løyvinga er meir enn tilstrekkeleg for føremålet. Det er difor grunn til å tru at det er midlar til å dekkja det ekstra finansieringsbehovet for Nye Omsorgsbustader og Inventar og utstyr / dørlåsar Omsorgsbustader.

«**Nye Omsorgsbustader**» har eit vesentleg ekstra finansieringsbehov. Dette vil verta forklart nærare i møtet. Kort fortalt så er det slik at då anbudsopninga synte eit ekstra finansieringsbehov på 4,5 mill., så vart det ikkje tatt omsyn til at det allereie var nytta om lag 2,5 mill. (planlegging / forprosjekt, arkitekttenester, omarbeiding av prosjekt til Husbanken sine krav, bonitering av grunn, flytting av prosjekt til ny grunn, m.m. Uføreseielege kostnader

var heller ikkje tatt med i tilstrekkeleg grad.

For å løyse denne utfordringa vert det tilrådd å auka løyvinga med om lag 2,8 mill., herav 1,3 mill. vert dekkja av auka tilskot frå Husbanken og 1,5 mill. frå løyvinga til Ny skule. Tilskotet aukar fordi kostnadane er høgare, men også fordi det no vert lagt til rette for 2 korttidsplassar, som begge gjev 55% tilskot i staden for 45%.

«**Inventar og utstyr / dørlåsar Omsorgsbustader**» har ikkje vore budsjettert. Dette har fått eit kostnadsestimat på nær 1,0 mill. Så lenge bustadane vert bygd, må det fastmonterte inventaret og utstyret på plass. Løfteutstyr m.m. er høvesvis kostbart.

#### Diverse løyvingar i Helse- og omsorg.

Kvar tenesteeining ved denne avdelinga har meldt inn sine behov for mindre investeringar. Her er nokre kommentarar til desse:

«**Utstyr KAD-seng**» kan verta dekkja av løyvinga på drift i år 2018. Om ikkje, vil ein måtte nytta denne løyvinga i år 2019 til føremålet.

«**Utstyr kjøken**» må sjåast på som ein eigendel, sidan det er meldt om at det finst prosjektmidlar å søkje på til dette føremålet. Summen kan såleis koma til å yngle. Om ikkje ein når bort i nye tilskot, så er løyvinga tilstrekkeleg til å dekke akuttbehovet ved kjøkenestea.

«**Kjøp av kaiar**». Som det går fram av sakspapira til førre Kommunestyre, så er Kystverket i ferd med å selje unna kaiar og moloar langs heile Norske-kysten. Kommunestyret må ha eit tilhøve til denne prosessen. Løyvingane her er meint til å setje fokus på dette faktum. Kjøpesummen som er foreslått, er i tråd med Kystverket sine anslag.

«**Straumen skulehus**» er ikkje seld slik intensjonen opphavleg var. Det er no sett brei fokus i bygda, på korleis dette bygget skal brukast i framtida. Det er viktig å halde bygningen vedlike og gjera naudsynte utbetringar, så lenge avklaringar ikkje føreligg. M.a. må ytterdør skiftast samt nokre vindauge. Løyvinga på 0,2 mill. dekker dei mest naudsynte tiltaka.

«**Avfallshandtering NGIR**». Det er ikkje lagt inn løyving på dette tiltaket. Det pågår ein vurderingsprosess, også saman med privat næringsliv, for å finna gode og framtidsette løysingar for innbyggjarane. Det kan oppstå behov for løyvingar innan få år, men i dag er desse ikkje kjend.

«**ENØK-tiltak**». Auken i løyvinga er naudsynt for å få til dei innsparingane i energikostnadane som ein treng, for å oppnå balanse i energikostnadane i drifta ved ansvar 620.

«**Kaihus Krakhella**» vert styrka med 0,1 mill. Det vil seie at det saman med restløyvinga frå år 2018, er 0,15 mill. til å gjera tiltak med bygningen.

«**Vegutbetringar Pollen – Hardbakke og riksveg 606, tunellar**». Løyvinga vert styrka med symbolske kr. 50`. Dette er for å sette fokus planlegging og på sjølve tunellane, slik at ein får fortgang i prosjektet(a).

«**Bustadfelt klubben**». Også her vert avhengigheita av tomtosal løyst opp, mot at låneopptaksdelen av investeringa vert auka.

«**Investeringar Solund Sokneråd**». Planen i år 2018 vart følgt, midlane nytta i tråd med budsjetten og sluttresultatet er godt. Rehabilitering av Hersvik kyrkje og Solund kyrkjetun står no for tur.

Det vantar om mogleg 0,1 mill. samla sett på å koma i mål. Soknerådet bør uansett ha ei mindre investeringsløyving pr. år, for å sleppa vende seg til kommunen for alle mindre investeringsbehov som oppstår. Ein tek sikte på at ekstra investeringsbehov på



rehabiliteringa, vert løyst innafor dei nye årlege investeringsløyvingane på 0,1 mill.

«**Framtidig sal av tomtar**» er i dette budsjettutkastet tilpassa det administrasjonssjefen vonar vert utviklingstrenden i kommunen. Ein vekst i næringslivet, og då særleg innan oppdrettsnæringa, vil krevje tilgjengelege tomtar for nybygging.

I planen er det no lagt opp til at det vert selt 3 tomtar pr. år.

Med ei god både samfunns- og næringsutvikling i kommunen og om kommunen framstår med fortsatt god bustadattraktivitet, kan det vise seg at tomtar vert selt i tråd med planen og vel så det.

**Etter endeleg vedtak utskrift til:**

# Tabelloppsett til Tertialrapport og Økonomiplansaker

	Balanse	3	0	0	0	0	0	0	
		R - 17	OB - 18	RB - 18	ØP - 19	ØP-20	ØP-21	ØP-22	Kommentarar
18000	Innbyggjartilskot	-18 347 000	-19 147	-19 147	-19 373	-19 453	-19 481	-20 052	
	Auka innbyggjartilskot SB-19				-568	-567	-569		
	Utgiftsutjamning	-17 750 000	-18 463	-18 463	-18 616	-18 652	-18 664	-18 945	
	Auka utgiftsutjamning SB-19				-279	-280	-281		
	Overgangsordningar (INGAR)	79 000	58	58	43				Ikke vurdert 2019-2021
	Særskilte fordelingar (inkl. frivilligsentral)	-545 000	-492	-492	-492	-492	-100	-113	Uttrekk Frivilligsentral 2021
	Auke i særskilte fordelingar SB-19				-35	-35	-13		
	Distriktstilskot Sør Norge	-5 543 000	-5 543	-5 543	-5 543	-5 543	-5 543	-5 698	
	Auka distriktstilskot SB-19				-155	-155	-155		
	Fylkesmannen sitt skjønstilskot	-2 650 000	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400	-2 400	
Reduksjon skjønstilskot				900	200	0			
Tidl. justeringar RNB / Økprp / SB	31 293	17	-26	-32	-33	-33			
Justeringar SB-2019				32	33	33			
Salderingspost - tusenavrunding			-1						
	<b>Sum rammetilskot</b>	<b>-44 724 707</b>	<b>-45 975</b>	<b>-46 014</b>	<b>-46 518</b>	<b>-47 377</b>	<b>-47 206</b>	<b>-47 208</b>	
18000	Inntektsutjamning	-795 058	-1 147	-1 012	-1 006	-1 006	-1 006	-667	
	Endring inntektsutjamning (auka folketal 1/7)				-4	-4	-4		
	Redusert inntektsutjamning SB-2019			186	343	343	343		
18700	Skatt på inntekt og formue	-21 809 931	-21 689	-21 874	-21 838	-21 821	-21 773	-22 930	
	Auka skatteinntekt (auka folketal 1/7)			-46	-45	-62	-110		
	Auka skatteinntekt SB-2019			-610	-1 047	-1 047	-1 047		
	Endring lokal skatteinngang								
	Salderingspost - tusenavrunding		11	46	15	-26	3	5	
	Salderingspost - tusenavrunding			-76					
	<b>Sum skatt og inntektsutjamning</b>	<b>-22 604 989</b>	<b>-22 825</b>	<b>-23 386</b>	<b>-23 582</b>	<b>-23 623</b>	<b>-23 594</b>	<b>-23 592</b>	
18101	Prosjektskjøn / e.o. skjønsmidlar (FM)								
	<b>Sum rammetilskot, skatt, inntektsutjamning</b>	<b>-67 329 696</b>	<b>-68 800</b>	<b>-69 400</b>	<b>-70 100</b>	<b>-71 000</b>	<b>-70 800</b>	<b>-70 800</b>	
18101	Grunnskulereform 1997	-40 400	-35	-35	-35	-35	-35	-35	
	Rentekompensasjon Sokneråd	-13 539	-15	-15	-15	-15	-15	-15	
	Rentekompensasjon skulebygg	-25 050	-50	-25	-25	-25	-50	-50	
	Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-499 148	-550	-500	-525	-550	-550	-550	

## Tabelloppsett til Tertialrapport og Økonomiplansaker

	Balanse	3	0	0	0	0	0	0	
		R - 17	OB - 18	RB - 18	ØP - 19	ØP-20	ØP-21	ØP-22	Kommentarer
	Bustadtilskot	-300 000	-100	-100	-100	-100	-100	-100	
	<b>Sum andre generelle statstilskot</b>	<b>-878 137</b>	<b>-750</b>	<b>-675</b>	<b>-700</b>	<b>-725</b>	<b>-750</b>	<b>-750</b>	
18750	Eigedomsskatt	-1 595 331	-1 600	-1 950	-1 600	-2 400	-2 400	-2 400	
	Auka eigedomsskatt				-800				1,0 promille = 0,8 mill.
18600	Flyktingtilskot - jf. avsetnad	-6 414 400	-5 350	-5 175	-2 950	-1 400	-775	0	
	Justering inntekter Flyktingtilskot				250	225			
	Havbruksfond	-407 860	-1 000	-23 550	-2 000	-2 000	-1 000	-1 000	
	Produksjonsavgift Havbruk				-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	
	Grunnrenteskatt Havbruk						-1 000	-1 000	
	<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>-76 625 424</b>	<b>-77 500</b>	<b>-100 750</b>	<b>-78 900</b>	<b>-78 300</b>	<b>-77 725</b>	<b>-76 950</b>	
19000	Renteinntekter	-427 542	-325	-500	-675	-825	-925	-925	
	Auka renteinntekter				-250	-100			
19005	Utbyte	-878 082	-300	-550	-500	-500	-500	-500	
15000	Renteutgifter m.m.	1 549 994	1 979	1 979	2 764	3 807	4 655	4 326	
	Justering renteutgifter			-0	-113	-268	-231	0	
15100	Avdrag på lån	4 430 988	5 487	5 487	5 970	7 354	8 084	7 935	
	Justering avdrag			0	-0	-430	-429	0	
	Justering netto finansutgifter		9	9	4	-12	21	-62	
